



Bergitte Feste, elev 10 kl.

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3445 - 14/12158

Saksbehandlar:

Kari Misje Fjellanger

kari.misje.fjellanger@lindas.kommune.no

Dato:

20.05.2014

Referat frå SMU 30.04.14

Desse møtte: Jeanett Jul-Rasmussen (FAU-leiar), Kari Bergås Tangen (SU-leiar), Torild Herstad (lærer), Åse Hagesæter (lærer), Bergitte Feste (elev), Borgny N. Hindenes (elev), Kristoffer Arentsen (elev), Ingrid Duesund Fjeldsbø (Lindås kommune, pol.) og Henriette Rolland (rektor).

Sak 4-13/14: Referat og sakliste godkjent

Sak 5-13/14: Skriv og meldingar:

FAU (leiar orienterer):

* 8.klasse har hatt eventyrkveld og 10.klasse har hatt kabaret.

**Barnevakten* har hatt møte med i 8. og 9.klasse i skuletida. Dette var veldig bra. Dei hadde også møte for foreldra på kveldstid – der var også 10.klasseforeldra inviterte.

Dette var eit haldningsskapande møte der temaet var nett- og mobilbruk. Det gav fleire «aha-opplevingar» hjå foreldra. Det kom dessverre altfor få foreldre. Det er generelt litt dårleg oppmøte på denne typen arrangement for foreldra.

*FAU lagar til arrangement for 10.klasse om kvelden 16.mai, slik tradisjonen er.

*FAU har fått søknad frå elevrådet vedk. ulike uteapparat .

SKULEN (rektor orienterer):

Orientering om omorganiseringa i kommunen – som òg gjeld skulen. Rektor viser til omorganiseringa i 2012. Denne gongen er det ei bestilling frå politisk hald. Skulen er «under lupa» denne gongen òg. Det vil truleg verta éin fagperson for skule, og rektorane vil få tilbake ein del av det som no einingsleiarane har hatt kontrollen over. Det vert tilsett ny rådmann frå 1. juni – han er oppteken av skule. Omorganiseringa handlar est om korleis ein kan driva Lindås kommune lønsamt.

POLITISK (Rektor og Fjeldsbø orienterer)

*Levekårsutvalet har besøkt Lindås ungdomsskule. Administrasjonen i kommunen løyver 3,5 mill. til fasaderehabilitering. Ein vil utføre deler av rehabiliteringa (frå 1. august) og resten seinare. Dette er no ute på anbod.

*Det er vorte gjort ein del i forhold til vegen ned mot skulen, + at det no er laga plattung til bosskontainarane.

*Fotballplassen er no OK

*Skulen ønskjer vatn i fontenebassenget, men har fått melding om at skulen sjølv må

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



vaske det først.

*Ønskje om å pusse opp /male/evt kjøpe nye fotballmål

*Klassane ønskjer vanddispenser, vatnet i springen er ikkje kaldt nok. LUS sjekkar med Knarvik ungdomsskule, dei er veldig godt nøgde med den dei har kjøpt. Ein sjekkar òg med leverandøren av den dispensereren dei har på Lindås senter.

ELEVRÅDET (B.Feste orienterer)

*Skuleballet ser ut til å ha gått med overskot.

*Har sendt søknad til FAU vedk. uteaktivitetar/ballmål.

*Mange ønskjer fleire ballaktivitetar. Elevrådet vil gjerne ha dette på plass før dei arrangerer ballturnering.

*Koreis kan ein få pussa opp? Går det an å be foreldra om dugnadsarbeid?

Sak 6-13/14 16.mai er det ryddedag/dugnad.

Det vart dirkutert om t.d. elevane sjølve kunne tatt seg av maling av fotballmåla.

K.B.Tangen undersøker med idrettslaget vedk. nye nett til fotballmåla og eit nytt volleyballnett. Basketball-korgene er OK, men det bør kjøpast éi ny korg. Stengene må pussast opp. FAU sender ut skriv til foreldra der ein spør om kven som kan stille på ein dugnad, og kor tid dei kan stille. Ei gruppe elevar kan evt. male på dagtid.

Fontenebassenge bør gjerast reint før 17.mai. Rektor snakkar med vaktmeistertenesta. Det var òg spørsmål om nokon kunne plante litt til 17.mai. Kan klassane plante? Dette må i så tilfelle planleggjast og organiserast.

Sak 7-13/14 FRÅ ELEVANE: Går det an å få gjort noko med stien som går ned bakken frå veggen, til trappa utanfor hovudinngangen? Kan ein leggje grus? Rektor spør kommunen om hjelp til dette.

*Listinga rundt dører/vindauge begynner å verte dårleg, særleg på rom 1. Det er lett å hengje seg fast med kledda i spikrar som ikkje er slått heilt inn. Dette bør fiksast.

Dette bør skrivast inn til vaktmeisteravdelinga. Hjartesukk frå skulen: Me ynskjer oss eigen vaktmeister!

FORSLAG:

Kalle inn til ein stor dugnad, med evt grilling og kaker. Klassekontaktane kan ringje rundt og få folk til å stille. Få fedrene på bana! Ein slik dugnad er positiv for miljøet.

ØNSKJE:

Få vekk graset frå plenen etter at det er blitt slege.

NB! Det er ikkje kome svar frå kommune på brev frå FAU vedk.

busker/bana/grasslått/kosting. Dette vart sendt i mars. Fjeldsbø etterlyser dette hjå kommunen.

Med helsing

Henriette Rolland
rektor

Kari Misje Fjellanger
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergitte Feste, elev 10 kl.

Borgny N. Hodneland, elev 9 kl.

Henriette Rolland, rektor

Ingrid J. Duesund Fjeldsbø, Lindås
kommune

Jeanett Jul-Rasmussen, forelder

Kari Bergås Tangen, forelder SU-
leiar

Kari Misje Fjellanger, sekretær v
/LUS

Kristoffer Arentsen, Elev 8 kl.

Torild Herstad, Lærer

Vilde Hodneland, elev 10 kl.

Åse Hagesæter, Lærer